

Møtereferat

Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

Deltakarar: Elisabeth B. Salte, Claus Ingebrigtsen, Pål Berger, Kari Toftøy-Andersen, Grete Knudsen, Linn Bæra, Harald Lindvik, Sven Hove, Oddveig Birkeland, Grete Müller.

Vara: Solfrid Lillebø, Anbjørg Hellestræ

Forfall: Harald Lindvik, Oddveig Birkeland

Møteleiar: Linn Bæra, leiar

Møtedato: 10.09.2015

Klokkeslett: 10.00-15.00

Møtenr: 7/15

Møtestad: Helse Vest, møterom Preikestolen

Arkivref: -

Saksnr	Emne	Ansvarleg
41/15 Kl 10.00	Godkjenning av protokoll. Ingen kommentarar	Linn Bæra
42/15	Godkjenning av innkalling, og melding av eventuelsaker. Ingen kommentarar til innkalling. Åtte eventuelsaker (sjå sak 50/15)	Linn Bæra
43/15	Orientering om aktuelle styresaker til styremøtet i Helse Vest den 21. september 2015. Følgjande saker blei gjennomgått: <ul style="list-style-type: none"> 75/15 - Rapportering frå verksemda syner så langt at sommaren 2015 har vore god med tanke på ventetider, fristbrot og økonomistyring. Det er framleis utfordringar knytt til korridorpatientar innan somatiske avdelingar, men utviklinga her går den rette vegen. Talet på langtidsventande held seg framleis stabilt lågt. 76/15 - Føretaksmøtet vedtok at dei regionale helseføretaka skal starte med ei langsiktig systematisk satsing på oppbygging av kompetanse og kunnskap knytt til etablering av regionale sentre for protonterapi. 79/15 - Helse Vest fekk eit tilleggskokument til oppdragsdokument for 2015 i sommar, som i hovudsak er ei oppfølging av punkt 3.2 <i>Oppfølging på ventetid, pasientforløp og effektivitet</i> i føretaksprotokollen frå føretaksmøtet den 7. januar 2015. Tilleggsk dokumentet inneheldt også mål som handlar om rekruttering av fleire blodgivarar, og krav 	Ivar Eriksen, eigardirektør i Helse Vest

	<p>knytt til regjeringas strategi om fleire lærlingar i staten.</p> <ul style="list-style-type: none"> • 80/15 – Nye styre i helseføretaka i Helse Vest skal vere oppnemnde innan utgangen av 2016. Brukarutvalas forhold til styra vil bli avklart gjennom arbeidet med dei nasjonale retningslinjene for brukarmedverknad, som er eit av krava til dei regionale helseføretaka i oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdep. 2015 • 81/15 – Styret i Helse Vest har godkjent forprosjekt for nytt Barne- og ungdomssjukehus i Helse Bergen (BUS2) med ei samla investeringsramme på 3350 mill. kr. Trinn 1 (BUS1), med samla areal omlag 28 000 kvm, vert ferdigstilt i løpet av våren 2016, og gjeld i hovudsak barne- og ungdomspsykiatri, habiliteringstenester for barn og unge, skulefunksjonen og psykosomatiske einingar, som til dømes Avdeling for spiseforstyrrelser. • 83/15 – Regional beredskapsplan for Helse Vest 2016-2018 er godkjend, og planen legg mellom anna føringar for ein meir einsarta og heilskapleg tilnærming til beredskap i regionen, og skal bidra til at dei samla helseressursane i regionen blir utnytta så effektivt som mogleg i krisesituasjonar. • 84/15 – høyringsuttale om fritt rehabiliteringsval (sjå styresaka) • 85/15 – Bierverv i Helse Vest – retningslinjer og system for praktisering av regelverk blir ikkje praktisert likt i heile regionen, og dette vil bli følgt opp i HF-a og RHF-et framover mot våren 2016. • 88/15 – Internrevisjon om innkjøp peiker på at Helse Vest ikkje veit i kva omfang rammeavtalane vert brukt, og at ein fjerdedel av aktive rammeavtaler er ulovlege. Opprettinga av Helse Vest Innkjøp HF vil vere eit verkemiddel for å utnytte innkjøpa på ein betre måte. • 90/15 – Halvårleg rapportering på mål og krav i føretaksprotokoll og oppdragsdokument per 30. juni 2015 syner at Helse Vest har god framdrift. • 92/15 – Det skal vere ei tettare oppfølging med drifta i dei private ideelle selskapa som Helse Vest har driftsavtale med tanke på tilskotsforvaltning for å sikre at tilskota blir brukt til det føremål dei var tiltenkt. • 93/15 – Beslutningsforum for nye metoder – Årsoppssummering 2014 syner at forumet har handsama totalt 37 saker i 2014, og at dei administrerande direktørane i RHF-a er nøgde med samarbeidet med dei andre aktørane i Nasjonalt 	
--	--	--

	<p>system for innføring av nye metodar i spesialisthelsetenesta.</p> <ul style="list-style-type: none"> • 94/15- Det skal innførast 28 pakkeforløp for kreft i Helse Vest i 2015. Status på arbeidet så langt er at helseføretaka er godt i gang med å innføre dei fire første forløpa. Det er nokon utfordringar knytt til dei neste pakkeforløpa, og dette vil bli tett følgt opp vidare. • 95/15 – Målet om at det ikkje skal vere korridorsenger i Helse Vest er framleis ikkje nådd, trass styringsbodskap om nulltoleranse. Likevel har utviklinga over tid vore positiv, og Helse Vest RHF vil følge opp dette med ein ny oppdatering til styret i desembermøtet 2015. 	
44/15	<p>Evaluering av fellesmøte med brukarutvala i Helse Vest den 2.-3. juni 2015.</p> <p>Svært få hadde levert evalueringsskjema, og det er av den grunn vanskeleg å trekke nokon konklusjonar. Basert på dei skjema som blei levert (8 skjema) syner tilbakemeldingane at deltakarane var svært nøgde med sjølve innhaldet i fellesmøtet. Leiar for RBU vil kalle inn leiarar og nestleiarar i brukarutvala i Helse Vest til eit møte for å diskutere korleis denne fellessamlinga kan nyttast på ein annan måte til neste år, mellom anna for å sikre eit betre oppmøte frå dei andre brukarutvala.</p>	Linn Bæra
45/15	<p>Brev og invitasjonar</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Grete Müller deltok i møtet mellom Helse Vest og Diabetesforbundet. 2. Linn Bæra deltek i styringsgruppa for innovasjonsprosjekta i Helse Vest, og Pål Berger deltek i prosjektgruppa som skal jobbe med ny innovasjonsløyising i Helse Vest. Det var ingen frå RBU som meldte at dei ønskte å delta i prosjektgruppa for innovasjonsstrategien. 3. og 4. Claus Ingebrigtsen deltek i prosjekta som handlar om MS og komorbiditet, og skreddesydde løysingar for MS-pasientar. 	Linn Bæra
46/15	<p>Matrisen over deltaking i prosjekt- og arbeidsgrupper blei gjennomgått og oppdatert. Oppdatert matrise blir lagt ut på brukarutvalet si heimeside på Helse Vest-sida.</p>	Linn Bæra
47/15	<p>Oppdragsdokument for 2016 – orientering om aktuelle prosessar med tanke på innspel til interregionalt brukarutvalsmøte den 21.-22. september 2015, og møte med Helse- og omsorgsdepartementet til hausten. Følgjande tema blei spela inn frå RBU som viktige for neste års oppdragsdokument:</p>	Linn Bæra

	<ul style="list-style-type: none"> • Det bør vere brukarrepresentasjon i alle medisinske kvalitetsregistre, og dei må gjerast meir brukarvenlege med omsyn til deltaking/reservasjon i forskning. • Pakkeforløp innan rus med koordinatorar som kan sørge for eit meir samanhengande behandlingsforløp. Mykje av rusbehandlinga i dag går føre seg i private institusjonar, noko som kompliserer samhandlinga. <p>RBU ønskjer å opprette ei arbeidsgruppe som skal arbeide med eit forslag til pakkeforløp innan rus. Pål Berger skal leie gruppa, og frå RBU deltek elles Anlaug Hellestræ og Linn Bæra. RBU ønskjer å invitere nokon frå dropout-teamet i Helse Stavanger til å snakke om korleis dei jobbar.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er behov for erfaringskonsulentar innan somatikken. • Medikamentfri behandling skal vere eit tilbod for alle pasientar. • Betre rehabiliteringstilbod for pasientar med kroniske lidingar. • Oppfølging av samhandlingsreforma, med gode og trygge overgangar mellom tenestenivåa. Kompetansen i kommunane må styrkast. • Styrking av geriatrien, og redusere talet på «svingdørspasientar». • RBU skal fortsatt vere opptekne av at ventetider, talet på korridorsengar og epikrisetid må ned 	
48/15	<p>Brukarmedverknad i forskning – opplæring den 15. oktober 2015.</p> <p>RBU ønskjer opplæring på temaet helseforskning, og peikar på at forskar- og brukarkulturar står langt frå kvarandre. Leiar, nestleiar og sekretær undersøker ulike opplæringstiltak for å førebu brukarrepresentantane til eit fellesmøte med forskingsmiljøa i regionen i januar 2016, der fokus vil vere å gå igjennom retningslinjene for brukarmedverknad i forskning for å sjå kva som allereie er på plass og avdekke område der det må settast i verk tiltak.</p> <p>Som opplæringstiltak ønskjer RBU at det blir laga:</p> <ul style="list-style-type: none"> • minihefte om forskning • e-læringstilbod om forskning <p>Det bør og etablerast brukarnettverk innan forskning.</p> <p>Leiar for RBU summerer opp punkta frå diskusjonen og lagar eit notat som Ingun Jolma kan ta med som eit svar på</p>	Linn Bæra

	førespurnaden frå prosjektgruppa som jobbar med forskingsstrategi i Helse Vest.	
49/15	Orientering om prosjekta «Alle møter», og «digital dialog med fastlegar». Presentasjon lagt ved.	Finn Olav Mjærum, HV RHF Gina Lind
50/15	<ol style="list-style-type: none"> 1. Møtetid RBU – ønskjeleg med fleire pausar. Leiar tek ansvar for å sjå til at møta framover tek omsyn til dette. 2. Ungdomsråd. Forslag om å invitere nokon frå ungdomsrådet i Helse Stavanger til eit RBU-møte for å fortelle om kva dei er opptekne av. 3. Utarbeide ein brosjyre som forklarar kva brukarmedverknad er for noko. Det er mange ulike omgrep som nyttast om ein annan (likemenn, erfaringskonsulentar, medarbeidarar med brukarerfaring etc.), noko som skapar forvirring. 4. Den 15. oktober var i utgangspunktet planlagt som eit fellesmøte med styret i Helse Vest, men dette styremøtet er avlyst. RBU ønskjer å møte styret ved første anledning i 2016. Sekretær i RBU meldar inn dette til sekretær for styret i Helse Vest. 5. Linn Bæra har utarbeida eit skjema dei som etterspør brukarrepresentasjon skal fylle ut slik at RBU får meir informasjon om kva prosjekta går ut på. Skjema lagt ved. 6. Linn Bæra har utarbeida eit skjema som alle i RBU skal fylle ut med tanke på arbeidsinnsats i 2015 til bruk for årleg melding. RBU skal levere ei årleg melding til styret kvart år som seier noko om kva utvalet har jobba med. Linn Bæra sender skjema i eigen e-post. 7. Innspel til regionalt brukarutval den 21.-22. september 2015. (sjå sak 47/15) 8. Innspel frå Ingunn Jolma (vara RBU). Ho sit i prosjektgruppa som jobbar med forskingsstrategi i Helse Vest, og prosjektgruppa har bedt om ei uttale frå RBU på korleis ein kan få tak i tilstrekkeleg med brukarar for å imøtekomme kravet om økt brukarmedverknad i helseforskning. (sjå sak 48/15). 	Linn Bæra

Neste RBU-møte er den 15.10. 2015 hos Helse Vest. Hugs å bestille flybillettar i god tid!